

Fra: Lise Fauskanger Ådlandsvik <Lise.Fauskanger.Adlandsvik@hfk.no>
Sendt: 10. mars 2017 10:52
Til: Kommunane i Hordaland - Alle
Emne: Minner om tilskotsordning til utarbeiding av kommunale trafikkisikringsplanar - søknadsfrist 1. april 2017

Hei.

Det vert vist til vår epost av 7. desember 2016 vedkommande Hordaland fylkeskommune v/ Fylkestrafikkisikringsutvalet (FTU) sine tilskotsordningar.

Vi vil med dette minne om tilskotsordninga til utarbeiding av kommunale trafikkisikringsplanar som har søknadsfrist 1. april 2017. Det er sett av 500.000 kr til ordninga i 2017. Søknaden må gje ein oversikt over arbeidet som skal setjast i gang, samt ha med eit budsjett for å etablere planen, inkludert kostnader til evt. konsulenthjelp. Tilskotet kan gå til kjøp av konsulenttenester og trykking. Tilskotet kan ikkje gå til bruk av administrative kostnader og driftsutgifter. Søknaden vert å sende til hfk@hfk.no, merk med 2014/13696.

Vi oppmodar også kommunane til å informere sine skular, barnehagar, lag osb. til å nytte seg av søknadsordninga tilskot til lokale trafikkisikringsarrangement, neste frist der er 1. mai.

Tilskotsordning	Søknadsfrist	Handsaming i FTU	Rett til å søkje	Søknadstype	Utbetaling
Tilskot til mindre fysiske trafikkisikringstiltak i kommunane	1. jan. 2017	21. feb. 2017	Kommunane	Eige søknads- og rapporteringsskjema	Når tiltaket er gjennomført og rapport levert
Tilskot til utarbeiding av kommunale trafikkisikringsplanar	1. apr. 2017	19. apr. 2017	Kommunane	Søknad i brevs form	Utbetaling ved vedtak
Tilskot til lokale trafikkisikringsarrangement	1. jan. 2017 1. mai 2017 1. nov. 2017	21. feb. 2017 07. jun. 2017 28. nov. 2017	Kommunane, skular, barnehagar, lag/foreningar/org.	Eige søknads- og rapporteringsskjema	Når tiltaket er gjennomført og rapport levert

Meir informasjon og søknadsskjema er å finne under Tilskot på Hordaland fylkeskommune si heimeside. <http://www.hordaland.no/nn-NO/tilskot/>

Lise F. Ådlandsvik
Spesialrådgjevar
Samferdselsavdelinga | vegseksjon
Hordaland fylkeskommune

Tlf: 55 23 91 56 | Mob: 92 62 19 73
www.hordaland.no |